



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
02.08.2013
Dykkar dato
22.05.2013

Vår referanse
2013/2288 - 561
Dykkar referanse
200900056-7 ke/mbe

Noregs vassdrags- og energidirektorat,

nve@nve.no

Fråsegn til søknad om å byggje Brattejølet kraftverk, Hornindal kommune

Vi viser til oversendinga datert 22.5.2013.

Fylkesmannen vurderer at prosjektet kan råde allmenne interesser som biologisk mangfald og landskap/ friluftsliv. Vi rår i frå at det vert gjeve konsesjon til Brattejølet kraftverk.

Bakgrunn

Brattejølet kraftverk i Hornindalsvassdraget vil nytte eit fall på 17 m mellom inntaket på kote 123 og kraftstasjonen på kote 106. Vassvegen på 200 m vert nedgraven. Det er planlagt 150 m ny veg til kraftstasjonen og vegtilkomst til inntaket. Ny kraftleidning over 400 m skal gravast ned. Middelvassføringa ved inntaket er 4,76 m³/s, og det er søkt om en maksimal slukeevne på 7,0 m³/s. Utbygginga vil redusere vassføringa over ei samla elvestrekning på 240 m. Det er planlagt å sleppe minstevassføring på 2 m³/s om sommaren og 0,3 m³/s om vinteren. Kraftverket vil ha installert effekt på 0,98 MW og skal etter planen produsere 3,4 GWh. I konsesjonssøknaden er det også utgreidd to alternativ med mindre slukeevne og lågare årleg produksjon.

Hornindalsvassdraget vart verna mot kraftutbygging i 1973 gjennom verneplan I. Stortinget vedtok i 2005 at det kan opnast for konsesjonsbehandling av kraftverk med installert effekt opp til 1 MW i verna vassdrag, under føresetnad av at eventuelle utbyggingar ikkje skal svekke verneverdiane i vassdraga.

Fylkesmannen skal vurdere om kjende allmenne interesser kan verte råka, og i tillegg vurdere tiltaket etter lakse- og innlandsfisklova og ureiningslova. Prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta vert lagde til grunn.

Vurdering

Ved siste statusgjennomgang var 54 % av vasskraftpotensialet i Sogn og Fjordane utbygd til kraftproduksjon (NVE, 31.12.2011). Dei nye prosjekta er ofte konfliktfulle og medfører i aukande grad inngrep i verdifulle natur- og friluftsområder, eller kan vere uaktuelle på grunn av høge kostnader. Dette er eit resultat av at dei minst konfliktfulle og mest økonomiske prosjekta ofte allereie er realiserte. Det er store allmenne interesser knytt til Hornindalsvassdraget, som altså vart prioritert i den første verneplanen for vassdrag.

Deler av nedslagsfeltet til Brattejølet (16 % av arealet og 24 % av middelvassføringa) er nytta til kraftproduksjon, og effekten av eventuelle nye reguleringar kjem i tillegg til effekten av denne overføringa. I søknaden og miljørapporten er alle berekningar gjort i høve til tilstanden i dag og ikkje i høve til før reguleringa, og sumeffektar er ikkje vurderte.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Føreslegne nivå på minstevassføring etter eventuell regulering er dermed også langt lågare enn nivå for 5-persentilar før den eksisterande reguleringa.

Naturtypar og biologisk mangfald. Det er i den kommunale naturtypekartlegginga frå 2001 påvist ein prioritert naturtype nedstraums tiltaket, men lokaliteten (ein gråor-heggeskog) ligg om lag ein km unna og vil neppe bli påverka av tiltaket. Av raudlisteartar er det i tiltaksområdet påvist mesterrot (NT) langs planlagt røyrtrase og strandsnipe (NT) ved elvestrengen. Det er eit fosserøypåverka område like ovanfor planlagt kraftstasjonsområde med store mengder sumphaukeskjegg, som er ein fuktkrevjande art. I følge BM-utgreinga er det ikkje grunnlag for å avgrense dette som eigen naturtypelokalitet fordi vassføringa om sommaren truleg er for liten for dei mest fuktkrevjande artane.

Under BM-kartlegginga vart det påvist vintererle, og det er sannsynleg at arten hekkar i eit område frå fossen og 2-300 m nedstraums. I følge [Artskart](#) er det i heile Sogn og Fjordane berre registrert hekking av vintererle i to kommunar, med til saman berre fire påviste hekkefunn. I Nordfjord er hekking ikkje påvist, og det ligg føre berre tre observasjonar av arten i hekketida (1. april - 31. juli). Området må difor seiast å ha spesielle kvalitetar. Fossekall hekkar ved fossen, og strandsnipe (NT) hekkar truleg i nærområdet.

Hornindalsvassdraget er eit nasjonalt laksevassdrag, og Brattgjølet er vandringshinder for laks, sjøaure og storaure. Av laks som er undersøkt har det primært vore påvist rømd oppdrettsfisk i Storelva ([Rådgivende Biologer, rapport 618](#)), men elva kan ha eit unytta potensial for lakseproduksjon som kan realiserast om innsiget av laks aukar. Aure som vandrar opp frå Hornindalsvatnet er i stor grad sjøaure ([Rådgivende Biologer AS, rapport 618](#)), og Storelva er sannsynlegvis den viktigaste gyte- og rekrutteringslokaliteten i vassdraget. Den øvste hølen ved fossen har potensial som ein viktig standplass, og sannsynlegvis er utlaupet av hølen eit godt gyteområde. Nivået på minstevassføringa og korleis avlaupet frå kraftstasjonen vert planlagt kan avgjere om og eventuelt i kva grad ei regulering vil råke produksjonen av laks, sjøaure og storaure. Det er vanskeleg å vurdere dette ut i frå det føreliggande materialet, og det vil vere usikkert om fiskeproduksjonen vert påverka eller ikkje.

I følge BM-utgreinga er det ikkje behov for omlaupsventil i kraftstasjonen fordi vatnet som går i overlaup raskt vil nå ned på strekninga nedstraums kraftstasjonen ved driftsstans, på grunn av høg minstevassføring og kort avstand mellom inntak og kraftstasjon. Dette må underbyggjast med data om det skal leggjast til grunn for å vurdere behovet for avbøtande tiltak ved ei eventuell regulering. Planlagt minstevassføring (sommervassføring tilsvarande 85 % av 5-persentil etter at 24 % av vassføringa alt er regulert bort) er lågare enn det som har vore vanleg nivå for vassdragskonsesjonar også i vassdrag som ikkje er verna mot kraftutbygging. Etter vår vurdering vil det vere fare for å tørleggje gyte- og oppvekstområde ved utfall.

Det finst ål i Storelva, men det er uvisst om arten vandrar forbi Brattejølet. Dette må undersøkast nærare ved feltstudiar eller gjennom erfaringsbasert kunnskap for å stette krava i naturmangfaldlova § 8. Alternativt må føre-var-prinsippet leggjast til grunn slik at det må setjast i verk tiltak for å hindre at ål vert ført inn i ein eventuell kraftverksturbin (jf. naturmangfaldlova § 9).

Landskap og friluftsliv. Tiltaket medfører permanente inngrep ved etablering av inntak, demning, kraftstasjon og tilkomstveg til demninga. Desse inngrepa vert synlege i terrenget og kjem i tillegg til eksisterande inngrep nær elva. Fossen er den einaste i denne delen av hovudvassdraget, og verdien som landskapselement vil verte redusert på grunn av lågare vassføring. Fossen er godt synleg frå brua på Fylkesveg 60, og det same vil gjelde inntaket rett oppom brua. Vegstrekninga vert nytta mellom viktige turistområde som

Geirangar/Hellesylt/Stranda og Eid/Hornindal/Stryn. Planlagt minstevassføring i sommarhalvåret er ikkje høg nok til å unngå at landskapsopplevinga vert råka. I tillegg vil stor slukeevne bidra til å redusere den romslege og varierende vassføringa på strekninga.

Ein viktig badeplass i dammen som er planlagt som inntaksbasseng er ikkje omtalt i konsekvensutgreiinga, og truleg er dette den mest brukte badeplassen i Storelva ([Konsekvensutgreiing og kommunedelplan for Fylkesveg 60 Tomasgard-området ved Røyhusbrua](#)). NVE må vurdere om dammen vil verte ueigna til dette føremålet.

Strekninga mellom Storebrua og Brattejølet vert brukt til elvepadling ved høg vassføring. Uttak av vatn til kraftproduksjon vil redusere tal dagar med høg nok vassføring til denne aktiviteten.

Ureinig og støy. Resipientkapasiteten vil venteleg ikkje verte påverka sidan dette er eit fossekraftverk med kort regulert strekning. Når det gjeld anleggsfasen viser vi til reglane i ureiningslova. Dersom anleggsfasen kan medføre spesielle ulemper for miljøet eller varer i lengre tid, må den ansvarlege søke Fylkesmannen om utsleppsløyve (anleggskonsesjon). Det må det leggjast vekt på støydempande tiltak knytt til kraftstasjonen. Støynivået må halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging», jf. punkt 3.1 «Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse» og punkt 3.3 «Retningslinjer ved etablering av ny støyende virksomhet».

Konklusjon

Den planlagde utbygginga kan råke biologisk mangfald og landskap/friluftsliv på grunn av tekniske inngrep i og ved vassdraget og redusert vassføring etter utbygging.

Effekten av redusert vassføring vil kome i tillegg til effekten av den eksisterande reguleringa av vassdraget som utnytter 24 % av middelvassføringa på strekninga. Allmenne interesser som er knytt til nivået på vassføringa i elva er dermed allereie påverka av redusert vassføring. Etter vår vurdering vil alle dei tre utbyggingsalternativa bidra til ein sumeffekt som vil råke allmenne interesser som er knytt til nivået på vassføringa i elva.

Vassdraget er verna mot kraftutbygging, og det må vere ein høg terskel for å tillate nye tiltak som kan råke dei allmenne interessene. Fylkesmannen vil rå i frå at det vert gjeve konsesjon til Brattejølet kraftverk.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Hornindal kommune
Miljødirektoratet